

1 Valprogram for Vestland Ap 2023-2027

2 Førsteutkast til høyring i partiorganisasjonen

3

4 *Det endelige programforslaget vil sjå annleis ut etter innspel fra kommunepartia og arbeidet
5 i programmnevnda. Det inneber mogleg justering av oppbygging, tekst og politikk.*

6 *Førsteutkastet skal fungere som eit grunnlag for diskusjon og innspel, medan
7 programmnevnda arbeider med forslag til valprogram.*

8

Førsteutkast til høyring

9	Sterkare saman i tøffe tider	3
10	<i>Lukkast Vestland, lukkast Noreg</i>	3
11	<i>Seks visjonar for Vestland fram mot 2030:</i>	4
12	<i>Regional utvikling: Å utvikle Vestland for framtida</i>	5
13	<i>Trygg styring for eit sterke Vestland</i>	5
14	<i>Klima, folkehelse og sosial utjamning som ramma rundt all politikk</i>	6
15	Opplæring og kompetanse – ein inkluderande fellesskule	6
16	<i>Vidaregåande opplæring</i>	7
17	<i>Fleire fagarbeidarar med høg kompetanse</i>	8
18	<i>Fagskulen for framtidige fagarbeidarar</i>	9
19	<i>Regional kompetansepolitikk: Lære heile livet</i>	10
20	Samferdsle og infrastruktur	11
21	<i>Busetting og verdiskaping i heile fylket</i>	11
22	<i>Vegnettet</i>	11
23	<i>Eit kollektivtilbod for framtida</i>	12
24	<i>Ferje, hurtigbåt og sjøtransport</i>	13
25	<i>Kortbanenettet for fly</i>	13
26	Næringsliv og arbeidsliv	14
27	<i>Utvikling og omstilling av næringslivet</i>	14
28	<i>Eit seriøst arbeidsliv for alle</i>	15
29	<i>Våre viktigaste næringar</i>	16
30	Energi, klima og miljø	18
31	Kultur, idrett og frivilligheit	19
32	<i>Kultur og språk</i>	19
33	<i>Kulturmiljø, kulturminner og fartøyvern</i>	21
34	<i>Idrett og friluftsliv</i>	21
35	<i>Frivilligheit og demokrati</i>	22
36	<i>Inkludering og mangfold</i>	23
37	God tannhelse for alle	23
38		
39		

40 Sterkare saman i tøffe tider

41 Arbeidarpartiet sine kjerneverdiar er **fridom, likskap og solidaritet**. Fridom for
42 nokre skal ikkje avgrense fridomen for andre. Alle skal ha moglegheita til å lukkast,
43 uavhengig av kvar du bur, kor du kjem frå, kva du trur på eller storleiken på
44 lommeboka di.

45 I 2022 er verda gått inn i ei ny krisetid med krig i Europa. Etterdønningane etter
46 koronakrisa og krigen i Europa har medført dyrtid og inflasjon. Det påverkar oss òg.
47 Framtida er meir usikker enn før.

48 I krisetid og omstilling er det avgjerande å skape tryggleik for arbeid og velferd, når
49 andre delar av livet er usikkert. For oss er arbeid, velferd og klima dei viktigaste
50 prioriteringane. Historia viser at like mogleheter, små skilnadar mellom folk og høg
51 tillit er avgjerande for å håndtere kriser slik at vi kjem sterkare ut på andre siden.

52 Difor er vi sosialdemokratar. Det er difor vi ynskjer å bidra til styringa av Vestland i
53 fire år til. Det er difor vi ber om di røyst på valldagen.

54 Lukkast Vestland, lukkast Noreg

55 Norge og verda står overfor fleire store utfordringar. Ulikheitene veks i Norge og i
56 verda, kor dei rikaste blir rikare og dei med minst får endå mindre. Klimakrisa er her
57 no, og har store konsekvensar for oss her vest med meir nedbør, ras, tørke og eit
58 varmare hav. Vi kjenner på konsekvensane no, men det er dei framtidige
59 generasjonane som vil kjenne det mest.

60 Vestland er eit Noreg i miniatyr. Bergen er storbyen med folkerike nabokommunar
61 rundt. Langs kysten har vi små og store lokalsamfunn som lever av havet, og i
62 fjordane våre har vi fleire byar og tettstadar. Vi har ein vakker natur med kyst, fjordar,
63 fjell og vatn. Vestland har utfordringane og mogleheitene som heile Noreg har.

64 For å skape like mogleheter for alle og ein sterk offentleg velferdsstat, må vi sikre
65 auka grøn verdiskaping basert på vårt naturgitte potensiale i Vestland. Løysinga er å
66 skape for å dele, samtidig som vi kuttar klimagassutslepp.

67 Det er naturressursane våre som har skapt grunnlaget for det mangfaldige
68 næringslivet i Vestland. Verksemder innan verftsindustri, olje og gass,
69 prosessindustri, fornybar energi, reiseliv, landbruk, fiske og oppdrett er sentrale for
70 verdiskapinga i Vestland.

71 Petroleumsnæringa har teke Noreg inn i ein gullalder, både med rikdom og med
72 kompetanse. I framtida må vi redusere oljeproduksjonen vår. For å sikre overgangen
73 skal vi skape den nye grøne industrien på skuldrene av den gamle. Noreg må og
74 skal vere ein sterk industrinasjon med verdsleiande kompetanse også i framtida.

75 For å klare omstillinga, må vi ha ein inkluderande fellesskule for alle. Lærarane skal
76 ha tillit til å utøve yrket sitt, og elevane skal møte ein skule med rom til å sjå kvar
77 einskild. Alle skal ha moglegheitene til å lukkast, anten det er med meisterbrev eller
78 mastergrad.

79 Vi skal fortsette satsinga på yrkesfaga, og sikre at alle som er kvalifisert, får
80 læreplass. Samarbeidet med næringslivet må styrkast, og vi skal skape fleire
81 moglegheiter til yrkesfagleg høgare utdanning. Elevane skal vere klar i møte med
82 arbeidslivet og studentlivet.

83 Vegane våre skal vere trygge og binde Vestland saman. Kollektivtilbodet skal
84 utviklast slik at det er tilpassa livet i både by og land. Det skal vere trygt og effektivt å
85 ferdast i Vestland på ein miljøvenleg måte.

86 Ved å sikre ein inkluderande fellesskule og bygge eit næringsliv basert på våre
87 naturgitte føresetnader, skal vi skape for å dele. Med eit næringsliv i vekst, kan vi
88 sikre velferda til fleire og klare klimaomstillinga. Vestland er eit spegelbilete av
89 Norge. Difor kan vi seie at lukkast Vestland, lukkast Norge.

90 **Seks visjonar for Vestland fram mot 2030:**

91 Overordna for programmet vårt er visjonane for eit sterkare og meir inkluderande
92 Vestland. Desse visjonane vil gjenspegle heile programmet vårt, og vere ei rettesnor
93 for alle avgjersler vi tar i perioden.

94 **Vestland Arbeidarparti sine seks visjonar for Vestland fram mot 2030 er:**

- 95 • Alle ungdomar skal komme seg gjennom vidaregåande opplæring med eit
96 vitnemål eller fagbrev. Ingen skal ufrivillig stå utanfor arbeid, skule eller anna
97 opplæring.
- 98
- 100 • Næringslivet og det offentlege har tilgong på nok arbeidskraft og kompetanse,
101 og at Vestland har eit seriøst og organisert arbeidsliv.
- 102
- 103 • Vi skal nå klimamåla om 55% utsleppskutt innan 2030, og fylkeskommunen
104 sjølv skal vere klimanøytral innan 2030.
- 105
- 106 • Industrien og næringslivet i Vestland skal utvikle grøne teknologiske løysingar
107 for heile verda, og sikre kommersiell produksjon av nye teknologiar i eigen
108 region.
- 109
- 110 • Kulturlivet, idretten og frivilligheita skal blomstre, med eit mangfold av uttrykk,
111 idrettsgreiner og organisasjonar som gir plass til alle.

- 113 ● Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane våre skal bli redusert betrakteleg,
114 med liv og helse som førande prinsipp.

115 **Regional utvikling: Å utvikle Vestland for framtida**

116 For å løyse dei store samfunnsutfordringane må vi samarbeide på tvers av det
117 offentlege, private og frivillege. Fylkeskommunen må vere ein medspelar for å skape
118 berekraftige samfunn i by og bygd. Gjennom gode samarbeid skapar vi det beste
119 samfunnet som mogleg.

120 Om du bur i Bremanger, på Bømlo eller i Bergen skal du ha moglegheita til å leve eit
121 godt liv. Saman skal vi skape det leiande verdiskapingsfylket, vere det beste
122 folkehelsefylket og skape ei inkluderande framtid for alle.

123 Vestland fylkeskommune skal vere ein forkjempar for eit styrka Vestland opp mot
124 nasjonale myndigheter.

125 Slik skal vi, saman med kommunane, styrke Vestland som den leiande regionen i
126 Norge.

127 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 128 ● Aktivt samarbeide med kommunane, næringslivet og sivilsamfunnet for å
129 utvikle framtida sitt Vestland.
130 ● Bruke alle verkemiddel for å sikre at Vestland blir ein sterk motpol mot det
131 sentrale austlandet.
132 ● Vere kommunane, næringslivet, kulturlivet og frivilligheita sitt talerøyr opp mot
133 nasjonale myndigheter.
134 ● Leggje FN sine berekraftsmål til grunn for den regionale utviklinga.
135 ● Berekraft, klima og naturmangfold skal vere førande i regionale planar og ved
136 innspel til lokale og statlege planar.

137 **Trygg styring for eit sterkare Vestland**

138
139 Trygg økonomisk styring er ein føresetnad for at vi skal nå dei overordna måla våre.
140 I usikre tider skal trygg økonomisk styring sikre velferda i dag og for framtida.

141
142 Politikarane må vise moderasjon. Arbeidarpartiet vil arbeide for at den totale
143 godtgjersla frå fylkeskommunen og andre inntektskjelder, ikkje blir for høg for den
144 einskilde representant. Godtgjersla skal leggje til rette for demokratisk deltaking for
145 flest mogleg.

146

147 Arbeidarpartiet meiner òg at Vestland fylkeskommune er så stor og omfattande at
148 fylkeskommunen burde styrast etter parlamentarisk modell. Modellen må baserast
149 på økonomisk moderasjon og openheit.
150
151 Vestland har vist at når ein gir fylkeskommunen fleire oppgåver, så løyser vi dei
152 betre enn staten. Med Arbeidarpartiet i leiinga dei siste 4 åra, har kulturlivet fått auka
153 tillit til fylkeskommunen, og næringslivet ser ein proaktiv, offentleg sektor som er ein
154 lagbyggjar. Vi har kompetansen og storleiken til å ta over fleire oppgåver frå staten,
155 slik at makta kjem nærmare folk. Oppgåver som best løysast på eit regionalt nivå, bør
156 flyttast til fylkeskommunen.
157 Eit samla Vestland skapar ein slagkraftig region. Difor opnar Arbeidarpartiet for nye
158 samtalar om å gi fleire moglegheita til å bli med i Vestland.
159

160 **Klima, folkehelse og sosial utjamning som ramma rundt all 161 politikk**

162
163 Dei store utfordringane løyser vi best om alle delar av samfunnet bidreg inn for å
164 gjere liva til folk betre. For Vestland Arbeidarparti er klimakrisa og ulikskapskrisa dei
165 to store overordna utfordringane vi står ovanfor. Klimapolitikk og politikk for å
166 utjamne sosiale skilnadar blir såleis ein raud tråd i programmet innanfor alle
167 områdar.
168
169 God helse er ein føresetnad for å kunne leve innhaldsrike liv og medverke til
170 fellesskapet på arbeidsplassen og på fritida. Gjennom folkehelsearbeidet vil vi styrke
171 den psykiske og fysiske helsa til våre innbyggjarar, og arbeide for å redusere
172 levekårsutfordringar og sosial ulikskap. Sosial-, helsemessig- og økologisk berekraft
173 vil vere grunnprinsippa i vårt politiske arbeid.
174
175 Difor vil Arbeidarpartiet følgje FNs berekraftsmål i politikkutforminga, og ha klima,
176 folkehelse og sosial utjamning som ramma rundt all politikk
177

178 **Opplæring og kompetanse – ein inkluderande fellesskule**

179
180 Alle skal ha moglekeit til å lukkast, uavhengig kven ein er. Skulen er ein viktig
181 arena for utjamning av forskjellar mellom elevane. Skulen er også avgjerande for å
182 sikre næringslivet for framtida gjennom god yrkesopplæring og høgare yrkesfagleg
183 utdanning.
184

185 Arbeidarpartiet vil styrke den offentlege fellesskulen gjennom auka kvalitet i
186 opplæringa, å styrke gratisprinsippet og betre velferda for elevane. Målet er at alle
187 elevar skal lukkast med, og fullføre, vidaregåande opplæring.
188

189 **Vidaregåande opplæring**

190
191 Det skal vere trygt og motiverande å gå på skulen. For å skape trivsel og motivasjon
192 for elevar og tilsette treng ein gode bygg med universell utforming, oppdatert
193 undervisningsmateriell og kvalifiserte lærarar.

194
195 Prinsippet om at den offentlege skulen sikrar like moglegheiter for alle er
196 grunnleggjande for Arbeidarpartiet sin skulepolitikk. Difor ønskjer vi ikkje fleire
197 privatskular.

198
199 Læraren er den viktigaste ressursen for den einskilde eleven si læring, og må difor få
200 tillit og høve til å utøve yrket sitt. Samstundes erkjenner Arbeidarpartiet at den
201 opprivarde konflikta i samband med lærarstreiken i 2022 har vist manglande tillit
202 mellom partane i arbeidslivet. Vestland Arbeidarparti skal arbeide for å gjenopprette
203 denne tilliten.

204
205 Elevane treng å oppleve meistring og å trivast på skulen, dette bidreg også til god
206 fysisk og psykisk helse. Lærarane må ha nok tid til å undervise og til å følge opp dei
207 einskilde elevane. Difor må vi styrke den tverrfaglege innsatsen rundt elevane med
208 mellom anna psykososial kompetanse, miljøarbeidrarar og skulehelseteneste.

209

210

211 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 212 • Vidareføre bruken av inntaksregionar i Vestland for å sikre retten til å gå på
213 ein skule nær der ein bur.
- 214 • Sikre eit godt vidaregåande opplæringstilbod for elevane i heile fylket, dette
215 inneber ein berekraftig balanse mellom ein desentralisert skulemodell og eit
216 variert programtilbod.
- 217 • Vidareutvikle Nettskulen i Vestland for å sikre mangfoldige opplæringstilbod i
218 heile fylket.
- 219 • Vidareføre retten til å fullføre skuleløpet på den skulen ein har starta på.
- 220 • Sikre gode økonomiske rammer for skulane, og seie nei til
221 stykkprisfinansiering.
- 222 • Vidareføre tilboden om gratis skulefrukost på alle vidaregåande skular i
223 Vestland.
- 224 • Sikre at elevane skal ha tilgang til fysiske læremiddel. Det digitale skal vere eit
225 supplement. Læremiddel skal vere på begge målformer.

- Sikre at alle læremiddel ein treng i vidaregåande skule skal vere gratis. Difor skal vi også arbeide for rimelegare skule-PC.
- Sikre at elevar som er i ferd med å falle ut av skuleløpet skal ha rett til god oppfølging, både sosialpedagogisk oppfølging og frå rettleiingstenesta.
- Sikre tilstrekkelege ressursar til elev-, lærling- og mobbeomboda.
- Styrke rådgjevingstenesta i den vidaregåande skulen, blant anna gjennom kompetanseutvikling for dei tilsette, betre kartleggingsverktøy og samarbeid med arbeidsliv og med karrieresenter.
- Styrke laget rundt eleven ved å opprette eigne miljøteam eller miljøkoordinatorar, og ha god psykososial kompetanse på alle vidaregåande skular.
- Arbeide inn mot kommunane for å få fleire helsesjukepleiarar på dei vidaregåande skulane, då helsesjukepleiarar er eit kommunalt ansvar.
- Seie nei til etableringa av nye privatskular med offentleg finansiering, og nei til utviding av eksisterande privatskular
- Dei vidaregåande skulane skal vere opne for politiske ungdoms- og interesseorganisasjonar.
- Sikre at hybelbuarar har trygge og gode vilkår i og utanfor skuletida, ved å mellom anna opprette eigne trivselstiltak og ha eigne miljøkoordinatorar.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide opp mot staten for å:

- Gjere konsesjonar til privatskular med offentleg finansiering tidsavgrensa, og syte for at desse blir sett i samanheng med den offentlege skulestrukturen. Fylkeskommunen må ha større påverknad på etableringa av og strukturen på dei private skulane.
- På sikt fjerne den offentlege støtta til kommersielle privatskular.
- Innføre alternative eksamensformer som i større grad kan syne den einskilde eleven sin kompetanse.
- Auke stipenda til elevane for å sikre gratisprinsippet i vidaregåande skule, også for dei som bur på hybel.

Fleire fagarbeidrarar med høg kompetanse

For å løyse utfordringane som kjem i framtida, vil ein trenge mange fleire utdanna fagarbeidrarar. Vi vil jobbe for at trenden med at fleire vel yrkesfag, held fram, og vi vil sikre at fagprogramma til ei kvar tid er relevante for arbeidslivet. Alle som er kvalifiserte til å få ein lærepllass, skal få det.

Dei vidaregåande skulane skal ha godt opplæringsmateriell. Den teknologiske utviklinga krev at det offentlege har godt samarbeid med næringslivet, mellom anna gjennom samarbeid om moderne opplæringsutstyr. Yrkesfaga skal tilpassast

266 næringslivet sitt behov for framtidig arbeidskraft, og elevane skal vere best mogleg
267 førebudde på krava dei vil møte som lærlingar.

268

269 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Innføre ein lærepllassgaranti, slik at alle elevar som er kvalifiserte får læreplass.
- Sikre YSK-linjene, og vurdere å opprette fleire klassar i fleire delar av fylket.
- Auke gjennomføringa på yrkesfag ved at fleire går ut i lære, mellom anna ved at fleire kan få praksisopphald i løpet av skulegangen
- Redusere talet elevar som går over på påbygg før fullført fagbrev gjennom meir tilpassa opplæringstilbod, til dømes vurdere studiespesialiserande programfag innan helsefag
- Samarbeide med lokalt næringsliv for å utdanne relevant arbeidskraft for næringslivet og for å sikre at lærlingane har erfaring med utstyret dei skal nytte i arbeidslivet.
- Arbeide for å opprette klasser der ulike faggrupper kan ta fellesfag på skulen, og ta resten av opplæringa i bedriftene.
- Arbeide for at fagarbeidarar kan ta bachelor- og masterutdanning gjennom Y-vegen. Dette gjeld særleg innan helsefag og tekniske fag.
- Arbeide mot kommunane for å sikre fleire læreplassar i offentleg sektor, særleg innanfor velferdsyrka, og at det er samsvar mellom tilgjengelege læreplassar og skuleplassar.
- Dimensionere yrkesfagtilboda slik at dei samsvarer med tilgjengelege læreplassar.
- Utvide individuelt tilpassa skuletilbod for ungdomar med alvorlege psykiske vanskar til òg å omfatte yrkesfaglege tilbod.

292

293

294 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide opp mot staten for:**

- At nasjonalt senter for yrkesfag blir plassert i Vestland, i godt samarbeid med dei vidaregåande skulane, fagskulen og universitets- og høgskulemiljøa.
- At fylkeskommunane får ekstratilskot for å opprette YSK-linjer.

298

299 **Fagskulen for framtidige fagarbeidrarar**

300 Fagskulen gir moglegheiter til fagarbeidrarar som vil vidareutdanne seg. Fagskulen
301 gir høgare yrkesfagleg utdanning, og er avgjerande for å imøtekomme
302 kompetansebehovet i framtida. Det er kompetansen hos dei tilsette som er det
303 største konkurransefortrinnet i norsk næringsliv. Kombinasjonen av praktisk og
304 teoretisk kompetanse er noko av det viktigaste industrien og næringslivet elles treng,
305 og fagskulen er sentral for å sikre næringslivet rett kompetanse for framtida.
306

307 Det er viktig at fagskulen får den anerkjeninga den fortener som eit godt alternativ
308 til høgare akademisk utdanning.

309

310 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 311 • Vere ein aktiv eigar, og ha fagtilbod på Fagskulen i Vestland som er relevante
312 for arbeidslivet.
- 313 • Legge til rette for kortare utdanninger og høve til å kombinere utdanning med
314 arbeid.
- 315 • Styrke utdanningstilboda ved fagskulane, og legge til rette for fleksible
316 løysingar der utdanninga kan gjennomførast desentralisert og i tilpassa
317 modular.
- 318 • Informere om tilbod om høgare yrkesfagleg utdanning gjennom kampanjar
319 retta mot ungdomsskulular og yrkesfagselevar i vidaregåande skule.
- 320 • Sikre at fagskulestudentane sine studentrettar skal likestilla med
321 universitets- og høgskulestudentane sine rettar.

322

323 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide opp mot staten for å:**

- 324 • Auke statusen til fagskuleutdanninga.
- 325 • Auke den statlege finansieringa av fagskulane i Norge.

326

327 **Regional kompetansepolitikk: Lære heile livet**

328 Det vil bli vanlegare i framtida at ein må skifte jobb oftare. Arbeidslivet er heile tida i
329 endring, og dette medfører at fleire må omskulere seg og ta vidareutdanning for å ha
330 den kompetansen arbeidslivet treng. Slik sikrar vi at fleire blir inkluderte i
331 arbeidslivet, og vi sikrar eit sterkt og konkurransedyktig næringsliv. Difor må
332 prinsippet om å lære heile livet bli grunnleggande for opplæringspolitikken.
333 Utdanning og livslang læring må vere tilgjengeleg der folk bur.

334

335 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 336 • Styrke tilbodet om etter- og vidareutdanning for alle yrkesgrupper i nært
337 samarbeid med partane i arbeidslivet og
338 vaksenopplæringsorganisasjonane/studie forbunda.
- 339 • Samarbeide med staten i utviklinga av desentraliserte utdanningssenter, slik
340 at fleire kan ta utdanning i nærleiken av der dei bur og samstundes vere i
341 arbeid.
- 342 • Arbeide med Fagskulen i Vestland, Universitetet i Bergen og Høgskulen på
343 Vestlandet om korleis betre legge til rette for å ta fag uavhengig av bachelor-
344 og masterløp.
- 345 • Samarbeide med staten om yrkesfagleg rekvalifisering med oppdatert og
346 formalisert kompetanse til både arbeidstakalar og arbeidsgjevarar.
- 347 • Oppretthalde produksjonskulane i Vestland og sikre framtidig finansiering i
348 samarbeid med staten.

349

350 Samferdsle og infrastruktur

351 Busetting og verdiskaping i heile fylket

352 Vestland Arbeidarparti sitt overordna mål er å legge til rette for gode liv, busetting og
353 verdiskaping i heile fylket. Vestland er eit fylke med store moglegheiter; samstundes
354 står vi også overfor utfordringar knytt til folkevekst, omstilling av næringslivet og det
355 å nå ambisiøse klimamål.

356 **For Vestland Arbeidarparti er difor dei overordna måla for
357 samferdslepolitikken:**

- 358 • Å prioritere liv og helse.
359 • Å kutte utslepp for å løyse klimakrisa.
360 • Å utvikle attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar som sikrar
361 konkurranseskrafta i Vestland

362 Vegnettet

363 Gode vegar er avgjerande for at Vestland skal vere attraktivt for både busetnad og
364 næring. Vegane må vere trygge og bidra til utvida bu- og arbeidsmarknadsområder.

365 På fylkesvegane er det utfordringar med utrygge, rasutsette vegar og eit stort
366 vedlikehaldsetterslep. I tillegg er ferjer og andre barrierar ei avgrensing for næringsliv
367 og utvikling av attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar.

368 Vestland Arbeidarparti vil difor prioritere liv og helse, naudsnyt vedlikehald og
369 realisering av ferjeavløysings- og innkortingsprosjekt som er økonomisk fornuftige for
370 fylkeskommunen.

372 Riks- og europavegane spelar også ei avgjerande viktig rolle for å knyta fylket vårt
373 saman internt og med andre regionar nord, sør og aust for oss. Vi forventar at staten
374 prioriterer å bygge ut eit trygt, rassikkert, tenleg og effektivt overordna vegnett i fylket
375 vårt. Det vil styrke busetting, konkurranseskraft og legge til rette for den store
376 omstillinga vi skal gjennom i åra som kjem.

377 **Arbeidarpartiet vil:**

- 378 • Prioritere rassikring og naudsnyt vedlikehald på fylkesvegnettet i tråd med
379 vedteken regional transportplan.
- 380 • I stramme budsjett, prioritere trafikktryggleik og betre skulevegar.
- 381 • Vere ein pådrivar for å avløyse eller innkorte ferjesamband der dette er
382 økonomisk fornuftig for fylkeskommunen.

- 383 ● Sikre at større samferdsleprosjekt bidreg til regional verdi- og jobbskaping
384 gjennom mellom anna styrka krav til klima og innovasjon i fylkeskommunale
385 anbod.
386 ● Arbeide for at vi gjennomfører prosjekt på ein måte som sikrar meir
387 trafikksikker veg for pengane.

388

389 **Arbeidarpartiet vil arbeide opp mot staten for å:**

- 390 ● Sikre mest mogleg samferdslemidlar til fylket både til vedlikehald, rassikring
391 og nye, større vegprosjekt.
392 ● Sikre forpliktande nasjonale planar for vedlikehald og rassikring av riks- og
393 fylkesvegar.
394 ● Forbetre ferjeavløysingsordninga for å realisere modne ferjeavløysings- og –
395 innkortingsprosjekt i ulike delar av fylket.
396 ● Realisere ny veg og bane mellom Bergen og Voss (K5).
397 ● Realisere ein opprusta og ferjefri E39 langs Nord/Sør-aksen med gode
398 koplingar til andre område i fylket.
399 ● Foretre aust-vest-sambanda.

400

401 **Eit kollektivtilbod for framtida**

402 Noreg og Vestland har sett ambisiøse klimamål fram til 2030 og 2050. Bergen er
403 også omfatta av nullvekstmålet for biltrafikk.
404 Auka bruk av kollektivtransport, tilrettelegging for sykkel/gange og gjennomtenkt by-
405 og tettstadplanlegging spelar ei avgjerande rolle for å nå desse måla.

406 Då må det satsast vidare på utvikling av kollektivtransporten i Bergen, der
407 befolkningsgrunnlaget for kollektive løysingar er størst. Utanfor storbyen vil auke i
408 kollektivbruk kreve utvikling av nye og meir treffsikre mobilitetskonsept i samarbeid
409 med kommunane. Best utvikling får vi dersom sykkel og gange vert sett i samanheng
410 med kollektivtilbodet både i byar og tettstadar.

411 **Arbeidarpartiet vil:**

- 412 ● At Skyss må bli eit fullverdig mobilitetsselskap.
413 ● Gjere det gratis for born opp til og med 12 år på kollektiv.
414 ● Arbeide vidare med nye billettypar som er tilpassa ein meir fleksibel
415 reisekvardag.
416 ● Kartlegge reisevanane til studentane med sikte på å gje studentar lågare pris
417 på periode- og enkeltbillettar.
418 ● Halde fram bygginga av Bybanen til Åsane.
419 ● Utvikle nye løysingar som aukar kollektivbruken i distrikta.
420 ● Sikre at prisen på kollektivreiser ikkje skal auke meir enn generell prisvekst.

- 421 • Forenkle og samkøre takstsystema mellom tog, buss, hurtigbåt og ferje, og
422 sikre god korrespondanse.
423 • Satse på utbygging av gang- og sykkelvegar i samarbeid med kommunane.

424 **Arbeidarpartiet vil arbeide opp mot staten for å:**

- 425 • Få ein større statleg andel av store kollektivprosjekt.
426 • Sikre 70% statleg finansiering av Bybanen.

427

428 **Ferje, hurtigbåt og sjøtransport**

429 Ferje og hurtigbåt er ein avgjerande del av samferdsletilbodet i store delar av
430 Vestland. Eit tenleg ferje- og hurtigbåttilbod som dekker behova til folk og næringsliv
431 er difor naudsynt for å sikre livskraftige lokalsamfunn i dei ulike delane av fylket.

432 Hurtigbåtane har i dag store utslepp. I kommande anbod er det difor viktig å gå over
433 til låg- og nullutsleppsløysingar også på hurtigbåtane, samstundes som ein tek i vare
434 eit godt rutetilbod til dei reisande.

435 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 436 • Stille krav til miljøvenleg drift og fornøya hurtigbåtar i heile fylket.
437 • Arbeide vidare med moglegheten for ei blå Bybane i Bergensområdet.
438 • At hurtigbåtrutene må vidareutviklast og vere ein integrert del av fylket sin
439 kollektivstrategi.
440 • At ferjetilboden skal vere fleksibel i høve endra trafikkmengd.
441 • Ha ferjetilbod som er tilpassa behova for å utvikle velfungerande i bu- og
442 arbeidsområde.

443 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide opp mot staten for å:**

- 444 • Sikre betre statleg finansiering av ferje- og hurtigbåttilboden som er i samsvar
445 med kostnadsveksten i nye anbod og ved ny teknologi.
446 • Sikre, merke og utdjupe skipsleidene langs kysten og bygge ut Stad
447 skipstunnel.

448 **Kortbanenettet for fly**

449 Kortbanenettet for fly er ein viktig og naudsynt del av beredskapen og
450 kollektivtilboden i distriktet. Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at kortbanenettet
451 skal ha eit godt og framtidsretta flytilbod, primært gjennom at alle fem
452 kortbaneflyplassane i fylket vert ein del av staten si FOT-ruteordning.
453 Vi vil også arbeide for at vi får ei pilotordning på utsleppsfree fly på kortbanenettet i
454 Vestland.

455 **Næringsliv og arbeidsliv**

456

457 Arbeid til alle er jobb nummer éin og vår viktigaste oppgåve. Skal vi lukkast med den,
458 må vi utvikle våre eksisterande næringer og legge grunnlaget for nytt næringsliv og
459 ny industri i heile fylket.

460

461 Det grøne skiftet og krav om kutt i klimautslepp krev nye løysingar. Næringslivet i vår
462 region har synt at dei på mange område er verdsleiande og evnar å utvikle ny
463 teknologi som kan møte framtidas utfordringar.

464

465 Den store utfordringa på arbeidsmarknaden i dag er ikkje nok arbeidsplassar, men
466 nok kvalifisert arbeidskraft. Auka krav til innovasjon og teknologisk utvikling skapar
467 nye behov for etter- og vidareutdanning. Den vidaregåande skulen i Vestland skal gi
468 elevane eit godt grunnlag for utdanning til fagbrev og til vidare utdanning på
469 fagskule, høgskule og universitet.

470

471 For å lukkast i omstilling og utvikling av næringslivet må vi òg ta heile fylket i bruk.
472 Vestland fylke må leggast til rette med moderne infrastruktur. Samferdsleårene må
473 vere trygge og effektive både på sjø, på land og i lufta. Vi må ha ei effektiv jarnbane
474 og eit velutvikla flytilbod. Det må vere god tilgang på høghastighetsbreiband,
475 fornybar kraft og eit stabilt straumnett med lik nettleige i distrikt og by.

476

477 Høg sysselsetting og eit organisert arbeidsliv er ein føresetnad for eit tillitsbasert
478 samfunn med små inntektsskilnader, og legg grunnlaget for finansieringa av vår
479 felles velferd. Trygge jobbar og ei løn det går an å leve av, er avgjerande for
480 fridomen til den einskilde og for fellesskapet. Vestland fylke skal gjennom sitt arbeid
481 bidra til eit seriøst arbeidsliv som tryggar arbeidsfolk til å ha ei lønn å leva av og ein
482 jobb å leva med.

483

484 **Utvikling og omstilling av næringslivet**

485

486 Mange av verksemndene i privat sektor konkurrerer i ein internasjonal marknad og må
487 drive kontinuerleg omstilling og utvikling for å vere konkurransedyktige.

488 Klimaendringane gjer at næringslivet i Vestland må omstille seg i ei grønare retning i
489 tett samarbeid med lokale og nasjonale styresmakter. Vestland har alle føresetnader
490 for å lykkast i ei grøn omstilling med sine sterke fagmiljø i forsknings- og
491 utdanningsinstitusjonar, partane i arbeidslivet og industri- og næringsverksemder
492 som arbeider i lag for å nå mål.

493

494 Mange av klimaløysingane ligg i industrien. Olje- og gassindustrien, maritim industri
495 og leverandørindustrien bygger no det neste energieventyret i Noreg. Karbonfangst

496 og karbonlagring, hydrogen, havvind, batteriteknologi, bioøkonomi og grøn skipsfart
497 er industrien sine klimaløysingar, og kan bli nye store næringar for Noreg. Noreg er
498 òg ein viktig aktør innanfor bioenergi og fôrproduksjon og har store moglegheiter for
499 å auke verdskapninga basert på bioressursane våre frå hav, jord og skog.

500
501 Arbeidarpartiet vil at Vestland skal vere eit føregangsfylke i det grøne skiftet. Vi vil ta
502 heile fylket i bruk for å lukkast med omstilling og utvikling av næringslivet, og sørge
503 for at næringslivet og det offentlege i Vestland har tilgang på nok arbeidskraft og
504 kompetanse.

505

506

507 **Vestland Arbeidarparti vil:**

508

- 509 • hjelpe industrien og næringslivet i Vestland med å utvikle grøne teknologiske
510 løysingar for heile verda, og sikre kommersiell produksjon av nye teknologiar i
511 eigen region.
- 512 • gjere Vestland fylke til ein aktiv samarbeidspartner for næringslivet i deira mål
513 om utvikling, innovasjon og utdanning av relevant arbeidskompetanse.
- 514 • arbeide for å sikre tilgang på risikovillig kapital til etablering av nye
515 verksemder og til utvikling av ny teknologi og nye produkt, til dømes gjennom
516 samarbeidsløysingar med statlege og private låne- og finansinstitusjonar.
- 517 • styrke regionale næringsklynger med kompetanse og ressursar til å skape
518 arbeidsplassar.
- 519 • sørge for digital infrastruktur som stettar behova til næringslivet.
- 520 • vidareutvikle programmet for Grøn Region Vestland.

521

522 **Eit seriøst arbeidsliv for alle**

523

524 Utan det organiserte arbeidslivet overlever ikkje samfunnsmodellen vår. Saman med
525 ei sterk fagrørsle vil vi kjempe mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet,
526 avgrense leige av arbeidskraft, sørge for at fleire kan jobbe på heiltid i faste stillingar,
527 og satse på livslang læring og kompetanse. I eit arbeidsliv i stadig endring er
528 kompetanseheving og omstilling eit stadig pågåande arbeid som må forankrast i
529 samarbeidsmodellen.

530

531 Kampen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er avgjerande for å sikre
532 tilsette eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø med rettferdige løns- og
533 arbeidsvilkår. Arbeidstakarane sine rettar i lov- og avtaleverk må styrkast. I kampen
534 for eit meir seriøst arbeidsliv er det naudsynt med eit forpliktande samarbeid mellom
535 styresmaktene og partane i arbeidslivet. Arbeidarpartiet seier nei til å
536 konkurranseutsette fylkeskommunale tenester. Vi vil avgrense bruken av vikarbyrå
537 og innleige av arbeidskraft i privat og offentleg sektor.

538

539 Dei tilsette i Vestland fylkeskommune skal oppleve å bli møtt av ein seriøs og
540 inkluderande arbeidsgjevar. Arbeidarpartiet har ei grunnleggande tru på at alle
541 arbeidsplassar vert drivne best når dei tilsette vert høyrde og har høve til å medverke
542 i viktige prosessar. Arbeidarpartiet vil styrke samarbeidet med tilsette og
543 fagorganisasjonar på alle nivå. Vestland fylkeskommune skal ha ein heiltidskultur og
544 som hovudregel berre lyse ut heile, faste stillingar.

545

546 **Vestland Arbeidarparti vil:**

547

- 548 • at Vestland fylke i alle sine innkjøp legg seriøsitetsbestemmelser til grunn for
549 å sikre gode og føreseielege arbeidskår for arbeidsfolk, og bruker lærlingar i
550 alle fylkeskommunale prosjekt og anbod.
- 551 • seie nei til konkurranseutsetting av reinhaldstenester i fylkeskommunal regi
- 552 • auke antall lærlingar i fylkeskommunale verksemder
- 553 • Sikre gode rutiner for varsling, og oppfølging og ivaretaking av varslarar.
- 554 • Sikre at arbeidstakarane sine pensjonsrettar blir ivaretekne.
- 555 • vere ein aktiv pådrivar for å sikre menneske med nedsett funksjonsevne, og
556 “hòl i CVen”, deltaking i arbeidslivet
- 557 • arbeide for at alle tilsette i fylkeskommunen får tilbod om heiltidsstillingar.
- 558 • Sørgje for at det i driftskontraktar som settast ut på anbud sikrast at
559 overtakande bedrift overtek ansatte og lærlingar i samsvar med reglane i
560 arbeidsmiljølova
- 561 • Opprette ein eigen og uavhengig LO-koordinator som har som oppgåve å
562 etterleve seriøsitetskrav i anbod og kontrakter.
- 563 • At anbod i Vestland fylkeskommune skal vektlegge fleire forhold enn pris.

564

565 **Våre viktigaste næringar**

566

567 Vi treng eit sterkt *vestlandslandbruk* som produserer trygg og god mat. Dette er viktig
568 for mattryggleik, sjølvberging og berekraft. Landbruket gir arbeidsplassar i heile
569 fylket og grunnlag for ei rekke arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i distrikta.
570 Frukt- og bærdyrking vil vere eit satsingsområde for vår region fordi vi blir rekna for å
571 vere Noreg sin frukthage. Vestlandsskogbruket er viktig for lokal verdiskaping og det
572 grøne skiftet.

573

574 Vakker natur er eit av våre viktigaste aktivum – for oss som bur i Vestland og dei
575 som besøker oss. *Reiselivsnæringa* nyttar føremona som vår natur med fjord og fjell
576 gjer av opplevelingar frå lokale tilreisande såvel som internasjonale tilreisande.
577 Næringa har gode føresetningar for å vere ei heilårsnæring som tryggar faste
578 arbeidsplassar, også i distriktet utanom Bergen. Arbeidarpartiet ser reiselivsnæringa

579 som ei viktig næring for regionen, som skal utviklast med merksemrd på meir
580 miljøvenlege reiselivsprodukt.

581

582 *Sjømatnæringa i Vestland er ein stor næringsaktør i Vestland. Sjømatnæringa bidreg*
583 *i dag til både sysselsetting, verdiskaping og matproduksjon. Regionen har store*
584 *verksemder med mange tilsette innan fiskeri. Det er ei målsetting å legge til rette for*
585 *at fangsten vert landa og foredla lokalt. For få det til, må fylket sikre god infrastruktur*
586 *for næringa, både i form av transportkorridorar og tilstrekkeleg kaiareal.*

587 *Fiskerifaglege og maritime utdanningstilbod må styrkast. Planlagde investeringar i*
588 *lokale fiskerihamner må framskundast. Samtidig må vidareutvikling i bransjen skje i*
589 *på ein berekraftig måte. Verdiene i havet må forvaltast i eit æveperspektiv.*

590

591

592 **Vestland Arbeidarparti vil:**

593

- 594 • Sikre vestlandsbonden gode rammevilkår og legge til rette for nye
595 samarbeidsformer som kan sikre rekruttering og optimisme i jord- og
596 skogbruksnæringa
- 597 • Oppretthalde utdanningsinstitusjonar som sikrar jordbruket fagkompetanse i
598 framtida.
- 599 • Vere ein pådrivar i arbeidet med å auke produksjonen av fornybare ressursar
600 frå skog og jordbruk.
- 601 • Støtte eit meir bærekraftig reiseliv som sikrar naturmangfald og berekraft
- 602 • Legge til rette for heilårsreiseliv i heile fylket, og styrke verdiskapinga i
603 næringa.
- 604 • Støtte opp om regionale prosjekt som innbefattar både kulturinstitusjonar,
605 lokalmattilbod og naturopplevingar i etablering av reiselivsprodukt.
- 606 • Jobbe for å etablere landstraumtilkopling for skip
- 607 • At Vestland fylke skal sørge for fagutdanning etter reiselivets behov gjennom
608 vidaregåande opplæring
- 609 • Arbeide for at vidareutvikling av sjømatnæringa skjer på ein berekraftig måte
610 og at fangsten blir landa og vidareutvikla lokalt
- 611 • Følgje opp miljøutfordringar knytta til sjukdom og rømning i fiske og oppdrett
612 og reagere strengt på regelbrudd
- 613 • Styrke og vidareutvikle Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet sine
614 ansvarsområde, og medverke i arbeidet med ny samlokalisering av
615 aktivitetane i Bergen.
- 616 • Sørge for god samhandling mellom vidaregåande skule og havnæringa for å
617 bygge kompetanse for framtida.

618

619

Energi, klima og miljø

Verda har endra seg mykje dei siste fire åra. Europa står i ei akutt energiforsyningskrise. Norge kan stå overfor mange år med høge straumprisar. Det gjer kvardagen vanskelegare for husholdningar og bedrifter i fylket. På alle nivå må det no jobbast for å auke produksjon og redusere forbruk av energi.

Samstundes held klimaendringane fram med uforminska styrke. Effektane av endringane blir meir og meir tydelege. Gjennom Parisavtalen har Norge forplikta seg til betydelege kutt i klimagassutslipp. Klimaendringane er globale, men årsakane og løysingane er lokale. Difor skal klima vere ramma rundt all politikken vår, også på fylkesnivå.

Den store utfordringa vår er å sørge for nok energi til å oppfylle klimamåla, og samstundes ivareta miljø, lokal sjølvstyre og arbeidsplassar i heile fylket.

Tilgang på rein fornybar kraft har alltid vore eit av vestlandsindustrien sine største konkurransefortrinn. Vestland Arbeiderparti vil at vannkraftressursane skal forvaltast slik at det i framtida skal vere grunnlag for industriproduksjon i fylket.

Statnett slår fast at det er behov for å auke kraftproduksjonen i Norge, viss vi ikkje skal få kraftunderskot. I Vestland er det òg naudsynt å styrke nettkapasiteten, spesielt i Bergensregionen. Vestland Arbeidarparti vil legge til rette for auke i energiproduksjonen og ny nettutbygging, i tråd med miljøkrav og med klar lokal forankring. Kommunar som seier ja til ny utbygging skal få ein rettferdig del av verdiane som skapast.

Vakker natur er eit av Vestland fylke sine viktigaste aktivum, for oss som bur her og for alle som besøker oss. Fylket har mange urørde naturområder med stort biologisk mangfald. Arbeidarpartiet skal verne om naturmangfaldet og jobbe for fortsatt produksjon av energi med minst mogleg naturinngrep.

Vi har alle eit ansvar for å redusere energiforbruket vårt. Alle må gjere sin del, også Vestland fylkeskommune. Men fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å gjere det enkelt for ansatte og folk i fylket å velge klimavenlege løysinger. Arbeiderpartiet vil at Vestland skal være et føregongsfylke innenfor sirkulærøkonomi.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Vere pådrivar for at områder langs kysten i Vestland vert opna for offshore vindkraft, i samråd med kommunane og innanfor nasjonale planar, slik at mest mogleg av verdiskapinga skal skje her.

- 663 • Arbeide for å oppgradere eksisterande vasskraftanlegg og linjenett for å
664 redusere krafttap og sikre stabil tilgang på straum.
- 665 • Ikke gå inn for utbygging av vassdrag som er verna i dag
- 666 • Vekte omsynet til naturmangfald og miljøvern tungt når gjeldande
667 vannkraftkonsesjonar skal reviderast.
- 668 • Arbeide for at større delar av skatteinntektene frå vindkraft på land skal gå til
669 kommune og fylkeskommune
- 670 • Berre seie ja til hybridkablar som har større kapasitet inn til Norge enn til
671 utlandet.
- 672 • Sikre fredeleg sameksistens mellom energiproduksjon og fiskeri, friluftsliv, og
673 andre interesser.
- 674 • Legge til rette for at ny industri og nye bustadområder får eigen
675 energiforsyning, til dømes gjennom fjernvarme eller solceller
- 676 • Sørge for berekraftig energibruk på alle områder som fylkeskommunen har
677 ansvar for.
- 678 • Fremje tiltak for bedre utnytting av distribusjonsnettet, energieffektivisering (til
679 dømes gjenbruk av spillvarme i industri) og lokal energiproduksjon i heile
680 fylket.
- 681 • At all aktivitet og daglig drift i fylkeskommunen skal skje med krav om
682 klimavenlege løsninger.
- 683 • Forplikte oss til å halde bruk av råvarer, avfall, utslip og energiforbruk i
684 fylkeskommunen til eit minimum.

685 **Vestland Arbeidarparti vil jobbe opp mot staten for å:**

- 686 • Få fortgang i sakshandsaminga på kraftnett og slik sikre bedre distribusjon i
687 Vestland fylke, og spesielt i Bergensregionen.
- 688 • Få lik nettleige i heile landet for å sikre meir rettferdige straumkostnadar for
689 både næringsliv og private bustadar.

691 **Kultur, idrett og frivilligheit**

692 **Kultur og språk**

693 Vestland har eit enormt breitt og mangfaldig kulturliv, frå dei store institusjonane og
694 dei små nisjeaktørane i Bergen, til dei store konsoliderte musea og små lokale

695 kulturaktørane i resten av fylket. Arbeidarpartiet meiner amatørkulturlivet og det
696 profesjonelle kulturlivet er gjensidig avhengig av kvarandre, og vil vidareutvikle dette.
697

698 By og land skal gå hand i hand, og alle skal ha eit godt kulturtilbod å gå til uavhengig
699 av kor ein bur.

700

701 Vestland er ein viktig region for språkmangfald, mellom anna med sterke
702 nynorsktradisjonar og heim til fleire dyktige forfattarar. Det er eit nasjonalt ansvar vi
703 har til å styrke nynorsken si posisjon i Noreg.

704

705 Bergen er motoren til kulturlivet i Vestland, og den einaste byen som kan konkurrere
706 om å vere den andre kulturbyen i Noreg etter Oslo. Difor må staten anerkjenne
707 Bergen som noko meir enn berre ein by utanfor Oslo. Bergen skal vere det andre
708 kulturelle hovudpunktet i Norge, med blikket retta utover landegrensene våre.

709

710 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 711 • Støtte arbeidet med å samle det frivillige kulturfeltet under ein paraply, til
712 dømes Amatørkulturrådet Vestland.
- 713 • Senke terskelen for deltaking for særleg born, unge, eldre og minoritetar i
714 kulturlivet, ved å innføre rabattordningar, stette prosjektarbeid eller liknande.
- 715 • Vidareutvikle folkebiblioteka saman med kommunane for å gjere dei mer
716 tilgjengelege for fleire og for å sikre eit variert og godt bibliotektilbod i heile
717 fylket.
- 718 • Sjå på moglegheitene for at fylkeskommunen kan samarbeide med dei
719 kommunale kulturskulane om å gje eit regionalt fordjupningstilbod til
720 kulturskuleelevene, og sikre betre tilbod lokalt i kommunane.
- 721 • Fremme vestnorsk språk, litteratur og kultur ved å styrke nynorskscenene,
722 litteraturhusa og det breie litteraturfeltet.
- 723 • At nynorsk skal vere administrasjonsspråket i fylkeskommunen, og at
724 Vestland fylkeskommune aktivt skal fremje nynorsk i samfunnet.
- 725 • Satse vidare på den breie og varierte kulturelle infrastrukturen i Vestland, ved
726 å samarbeide med kommunane og staten om opprettinga og utviklinga av
727 kulturarenaer i heile fylket.
- 728 • Vidareutvikle musea ved å vurdere vidare konsolideringar, og særleg auke
729 tilskotet til underfinansierte institusjonar.
- 730 • At Bergen skal vere Noregs fremste kulturby og kulturell motor i Vestland, og
731 støtte arbeidet med Bergen som Europeisk kulturhovudstad i 2036.
- 732 • Styrke festivalfylket Vestland, ved mellom anna å sikre deling av kompetanse
733 og ressursar.
- 734 • Arbeide for betre vilkår for frilansarar, kunstnarar og det profesjonelle
735 kulturlivet i Vestland.

736

737 Vestland Arbeidarparti vil arbeide opp mot staten for å:

- Sikre at Bergen blir det andre kulturelle tyngdepunktet i Norge.
- Sikre rettvise statlege tilskot til kulturinstitusjonar i Vestland.

740

741 Kulturmiljø, kulturminner og fartøyvern

742 Vestland har ei breidde av kulturminner som representerer fleire delar av vår felles
743 historie. Vestland Arbeidarparti vil styrke arbeidet med kulturminnevernet saman
744 med musea og frivillig sektor. Vestland har Noreg si største flåte med verna- og
745 freda fartøy, og har ei nasjonal oppgåve i formidling av flytande kulturminne og
746 kystkultur.

747

748 Vestland Arbeidarparti vil:

- Styrke det frivillige regionale kulturminnevernet.
- Oppretthalde satsinga på kystkulturen, og styrke fartøyvernet ved mellom
751 anna å betre den frivillige rekrutteringa.
- Saman med fartøyvernet, starte eit prioritieringsarbeid for å sikre betre bruk av
753 midlane som går til fartøyvernet.

754 Idrett og friluftsliv

755 Idretten er hjørnestenen i livet for veldig mange, uavhengig av alder. For born er
756 spelegleda på fotballbana eller badmintonbana sjølve drivkrafta i livet, medan
757 foreldre er frivillige og arrangerer cupar og bidreg med planlegginga av den nye
758 idrettshallen. Frivilligheita skal dyrkast og styrkast, og fylkeskommunen skal spele på
759 lag med dei tusen frivillige i Vestland.

760

761 Når anlegga er der, kjem aktiviteten. Det same gjeld større arrangement, som skapar
762 idrettsglede og samhald. Difor er utvikling av anlegg og støtte til idrettsarrangement
763 svært viktig for å sikre meir og variert fysisk aktivitet i store og små lokalsamfunn.

764

765 Samtidig kan vi sjå at fleire er inaktive og er heime, og fleire ønsker å drive med
766 eigenorganisert aktivitet. E-sport og gaming er ein stor del av liva til mange, og det er
767 såleis viktig at vi sikrar gode organiserte rammer rundt dataspel, slik vi gjer no med

768 ein egen e-sportstrategi. Fylkeskommunen må også arbeide for andre typar arenaer for
769 aktivitet ved offentlege bygg og anlegg.

770

771 Friluftslivet veks, særleg etter koronapandemien. Naturen er friluftslivet sin arena, og
772 fylkeskommunen må støtte oppunder arbeidet friluftsorganisasjonane gjer for å gjere
773 naturen meir tilgjengeleg for fleire.

774

775

776 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 777 • Styrke den lokale frivilligheita rundt idrett og fysisk aktivitet gjennom
778 samarbeid med idrettskrinsen og ved bruk av tilskotsordningar.
- 779 • Nyte tilskotsordningar og andre verkemiddel for å gi fleire moglegheita til å
780 delta i idretten og friluftslivet, og arbeide for at fleire får moglegheita til å vere
781 aktiv i kvardagen.
- 782 • Auke tilskotet til idrettsarrangement i Vestland.
- 783 • Støtte friluftsorganisasjonanes arbeid med å rekruttere friviljuge og arbeidet
784 med tilrettelegging av deltaking i friluftslivet.
- 785 • Arbeide for fotballbaner frie for gummigranulat, men at dette gjerast i samråd
786 og samarbeid med idretten.
- 787 • Vidareutvikle Idrettsklynge Vest.
- 788 • Oppretthalde satsinga på e-sport og gaming, og støtte arbeidet med gode og
789 sunne fysiske fellesskap, særleg for unge.

790

791 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide opp mot staten for å:**

- 792 • Redusere ventetida mellom godkjent spelemiddelsøknad og utbetaling av
793 midlane i Vestland.
- 794 • Auke spelemidlane til strategisk viktige idrettsanlegg.
- 795 • Auke tilskota frå staten til friluftsråda sitt arbeid for å skjøtte statleg sikra
796 friluftsområder.

797 **Frivilligkeit og demokrati**

798 Sivilsamfunnet er ein grunnstein for eit moderne demokrati. Mangfaldet av små og
799 store organisasjonar er viktige for auka deltaking i samfunnet, for å fremje
800 samfunnsengasjement og for å gjere frivillig samfunnsnyttig arbeid. Born, unge,
801 vaksne og eldre finn fellesskap og mening i frivillige organisasjonar. Det vil
802 Arbeidarpartiet hegne om.

803

804 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 805 • Auke tilskota til særleg barne- og ungdomsorganisasjonar.
- 806 • Oppretthalde tilskota til regionale ungdomsparti.
- 807 • Arbeide vidare med å gjere alle fylkeskommunale bygg og anlegg gratis og
808 tilgjengeleg for frivillige organisasjonar.

- 809 • Ikkje gje tilskot til organisasjonar som bryt likestillings- og diskrimineringslova, og
810 som ekskluderer kvinner, minoritetar, skeive eller andre frå å delta på noko vis.
811

812 **Inkludering og mangfald**

813 Målet til Arbeidarpartiet er at alle skal ha moglegheit til å delta og til å lukkast. Difor
814 er inkluderingsperspektivet gjennomgåande i alt vi gjer. Uavhengig av kor du kjem
815 frå, kva du trur på eller kven du elskar, skal samfunnet vere opent og gje deg
816 moglegheiter.

817

818 Alle sektorar i fylkeskommunen, saman med kommunane og staten, må jobbe
819 saman for å sikre at fleire får moglegheita til å delta i samfunnet.

820

821 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 822 • Arbeide med ein plan for inkludering og deltaking, som skal nytte alle delar av
823 offentleg sektor for å få fleire ut i utdanning, arbeid og frivilligheita.
- 824 • Satse vidare på mentor- og traineeordningar slik at fleire med
825 minoritetsbakgrunn får opna dørane inn til arbeidsliv og næringsliv.
- 826 • Stimulere kulturliv, idrett og frivilligheita til å sikre eit større mangfald på scena
827 og i publikum, utan å bryte prinsippet om armlengdes avstand.
- 828 • Sikre reell medverknad frå rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne
829 og andre interesseorganisasjonar i fylkeskommunale byggeprosessar for å
830 sikre reell universell utforming.

831

832

833 **God tannhelse for alle**

834 Tannhelse er ein viktig del av folkehelsearbeidet og ein viktig del av livskvaliteten til
835 innbyggjarane våre, det er derfor viktig å sikre at det offentlege tannhelsetilbodet er
836 tilgjengeleg i alle delar av fylket vårt. For at tannhelsetilbodet skal kunne
837 vidareutviklast og forbetraast er det òg viktig med sterke fagmiljø og
838 kompetansesenter, dette oppnår vi best i samarbeid med fagmiljøa. Vi skal legge til
839 rette for at alle som har rett til tannbehandling gjennom det offentlege får dette.